

13 år - 10 fot - 9,9 HK - maks 20 knop.

12.07.2018



Dei tre gutane Olve, Trym og William med jollene sine, klar for ny rask tur på sjøen.

Overskrifta er stikkorda for dette innlegget om tre gutar, alle 13 år og alle med kvar sin jolle på 10 fot. Den fine sommaren gjer at dei har småbåttdilla og brukar mykje av fritida på å vera på sjøen. Foreldra har fire krav: Flytevest, mobiltelefon, kontroll og køyring med vit.

Du har sikkert lagt merke til to eller tre småbåtar i samkøyring på sjøen. Lovnaden er at dei skal halda seg inne i Storsund, ikkje ut i Hardangerfjorden. Olve Simonnes Tveit og Trym Træet (frå Fitjar) har kvar sine With joller på 10 fot. William Hjørnevåg har ein Pioner 325 i same storleik. Trym og William er syskenborn.

Trym kjem frå Fitjar der det er mykje båtliv om sommaren. Han er godt vand på sjøen. Fitjar er fint, men ikkje når nordavinden står inn på vika. I Uskedalen er det som oftast mykje rolegare sjø.

Dagen på sjøen startar i 11 tida og varer til langt på kveld, berre avkorta med mat- og tissepausar. På ein dag går det med rundt 20 liter bensin. Gutane er for unge til å køyra vasscooter. Difor vert det jolla endå nokre år.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal